



## Eit steg nærmare Livabygget

"Hjelp til sjølvhjelp" var inntrykket som sit att etter oppstartsmøtet for flytting til Livabygget. No er oppdraget med å starte planlegging overlevert til driftsorganisasjonen. Om tida kan kjennest knapp og oppgåvane overveldande, er trua sterk på at dette skal gå heilt fint.



Ein og ein halv time med informasjon og spørsmål på denne "kick off'en" vart akkurat for lite. Men flyttesjef Kjell Inge Solhaug forsikra oss om at han og medhjelparane i flyttegruppa skal svare på spørsmåla som måtte dukke opp, når planleggingsarbeidet ute i avdelingar og seksjonar kjem i gang.

Solhaug orienterte om flytteoppdraget og lista opp ei rekke oppgåver som driftsorganisasjonen skal arbeide med framover. Som første steg i arbeidet denne og neste månad, er avdelingane /driftseiningane oppmoda om å lage ein aktivitetsplan for eige planleggingsarbeid og lage liste over utstyr som skal flyttast.

- Vi har det travelt, sa Solhaug i møtet. Vi må ha detaljerte planar klare til ferien, og vi treng innspel frå driftseiningane.

## Kva skal svarast ut i organisasjonen

Innhaldslista i oppdragsdokumentet gir ei god oversikt over arbeid og planar som er tilrådd å svare på for å ha god styring på eiga flytting, men òg for å sikre at eigne planar vert koordinert mot andre. Det skal komme ein rapportmal som skal brukast for å rapportere attende til flyttegruppa.

På møtet var det levert ut planteikningar med arealansvar teikna inn. Slike kan bestillast levert på papir. Dei blir og lagt ut som PDF'ar som du kan laste ned frå flyttesida.

På temasida "Velkommen til Livabygget" finn du dokumenta til møtet og Kjell Inge sin presentasjon.

Flytteinformasjon - Velkommen til Livabygget



**Solhaug, Kjell Inge**  
Prosjektdirektør



**Nes-Berg, Gunnlaug**  
Konsulent